



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

ATT: fylkesrådmann

Vår ref.  
17/983-28/K2 - C11, K2 - D11/RUBO

Dykkar ref.

Dato:  
25.09.2017

## Søknad om økonomisk støtte til etablering av fullskala fotballhall i Florø-Storhallen i vest

Flora kommune skal fylle hjartet av Florølandet med aktivitet, idrett og friluftsliv. Storhallen i vest er eit viktig steg på vegen for å skape ei heilskapleg satsing på aktivitet på tvers av generasjonar, kulturar og organisasjoner.

Vi søker Sogn og Fjordane fylkeskommune om å delta med økonomisk støtte med ein tredel av kostnaden, inntil 30 mill. kr, for å kunne realisere ein fullskala fotballhall i Florø – Storhallen i vest.

### Bakgrunn

I 2016 var nærmare 3800 av Flora sine innbyggjarar medlemmer av idrettsrørsla, ca. 1500 kvinner og ca. 2300 menn. Den organiserte fotballen rekrutterer og engasjerer breitt med over 1000 aktive, 800 gutter og over 200 jenter i alle aldrar. Frå Flora er det i seriesystemet til NFF i 2017 påmeldt i alt 66 lag, 48 guttelag og 18 jentelag.

Florø Fotball spelar i førstedivisjon, OBOS-ligaen, i 2017, og ein kan allereie no slå fast at plassen er redda også for neste sesong. Fotballen skapar aktivitet og entusiasme og betyr mykje for identiteten til byen, kulturen og næringslivet i kommunen.

Å vidareutvikle topp- og breiddeidrett stiller store krav til Flora kommune. I budsjett og handlingsprogram 2017 er det i vedtaks form slege fast at "*Det er sprengt kapasitet i fleirbruksstallane og på kunstgrasbanane i Florø. Det blir arbeidd med alternative løysingar for større hallkapasitet, og fullskala innandørs fotballbane.*"

I Flora bystyre 27. april vart det i sak 36/2017 gjort slikt vedtak om lokalisering: «*Flora Bystyre legg til grunn at ein ny Fotballhall i Flora blir lokalisert sør for Litjevatnet og blir ein integrert del av kommunen sitt sentralidrettsanlegg.*»

Storhallen i vest skal byggjast og drivast av Flora kommune og vere eit interkommunalt idrettsanlegg for Flora og Vågsøy. I intensjonsavtalen om samanslåing av kommunane Flora og Vågsøy står det m.a. at ein vil "Bygge ut Måløy og Florø som attraktive, urbane og kulturelle sentra ved å prioritere realisering av gjeldande plan for symjeanlegg, fleirbrukshall med spesialfunksjonar og kulturfasilitetar i Vågsøy og fullskala fotballhall i Florø."

### Grunngjeving, kvifor storhall

Storhallen vil gje positive ringverknader for Flora og Sunnfjordregionen. Det er stor mangel på treningsflater og hallkapasitet, ikkje berre i Flora kommune. Realisering av Storhallen vil fristille hallkapasitet i Florø Idrettssenter og vil gje fotballen i Flora og Sunnfjord ytterlegare utviklingsmogelegeheiter. Fristilt areal i Florø Idrettssenter vil gje plass til andre idrettar enn fotball og gjere tilbodet i idrettsfag ved Flora vidaregåande skule meir attraktivt med fleire valmogelegeheiter.

Planane om storhall har fått brei støtte frå lokal idrett, Flora idrettsråd, Flora bystyre, styret i NFF Sogn og Fjordane, Sogndal Fotball AS m.fl. Alle støttar dei bygging av storhall i Florø.

I «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019» står det:

- "Det er rom for tre storhallar til fotball 64 x 100 meter i Sogn og Fjordane inkludert kaldhallar. Det kan difor etablerast to nye slike anlegg.
- Etablering av nye hallar bør skje sentrumsnært der folk bur og gjerne tilknytt ein skule."

Flora kommune er difor svært tilfreds med vedtaket som vart gjort i fylkestinget 13. juni i sak 27/2017 der fylkestinget er positivt til realisering av ny innandørs fotballhall i Florø.

Plassering av storhallen ved Litjevatnet gjev ei sentral plassering saman med Florø stadion, kunstgrasbane, skatepark og Flora ungdomsskule. Hallen er tenkt plassert nær turvegar langs vatnet og Storåsen. Anlegget skal stette krav til universell utforming og skal vere ope for alle. Storhallen vil vere lett tilgjengeleg og i gangavstand til Flora vidaregåande skule og i gang- og sykkelavstand til Havhesten badeanlegg.

Fotballmiljøet i Flora har rekruttert mange barn og unge frå innvandrarmiljø, og bygging av ny hall er difor også eit viktig integreringstiltak.

### Forprosjekt - mandat og organisering

I samband med arbeidet med å realisere Storhallen i vest er det tilsett prosjektleiar, og det er oppretta ei forprosjektgruppe som har som mandat å greie ut og skaffe finansiering av ein fullskala fotballhall i Florø. Når det gjeld organisering og oversyn over deltakarar i forprosjektgruppa, vert det vist til vedlegg 1.

### Tidplan

Finansiering vil verte innarbeidd i budsjett og handlingsprogram 2018 og økonomiplan for 2018-2021. Ein ser føre seg å kome i gang med grunnarbeidet hausten 2018, sjølve bygginga i 2019 og ferdigstilling av hall og uteareal våren 2020.

### Interkommunalt idrettsanlegg

Det vert arbeidd med ein avtale med Vågsøy kommune om interkommunalt samarbeid om bygging av fullskala fotballhall i Florø. Storhallen vil med avtalen få eit tilleggstilskot på 30 % ekstra på dei ordinære spelemidlane, dvs. 3 mill.kr.

## Kostnadskalkyle og finansiering

Nye og førebelse kalkylar som er utarbeidde, syner at storhallen vil koste 123,9 mill. kr og at ein etter refusjon av meirverdiavgift og spelemedlar vil ha eit netto finansieringsbehov på 88,6 mill. kr. For ei meir detaljert framstilling syner ein til vedlegg 1.

For å kunne realisere Storhallen i vest er det ein føresetnad at idretten/private må bidra med 20 mill. kr, fylkeskommunen med 30 mill. kr og Flora kommune og Vågsøy kommune med til saman 38,6 mill.kr.

## Avslutning


Flora kommune tillèt seg med dette å søkje om **30 mill. kr i fylkeskommunalt tilskot til realisering av ein fullskala fotballhall i Florø – Storhallen i vest.**

Dersom det er behov for ytterlegare informasjon om prosjektet, står vi sjølv sagt til teneste.

Med helsing

Flora kommune

Ola Teigen  
ordførar



Terje Heggheim  
rådmann



## Vedlegg

1. Prosjekt IDRETT 2020 – Storhallen i vest
2. Anleggssportefølje

**2017**

VEDLEGG 1



Flora kommune

# IDRETT 2020 - STORHALLEN I VEST

Prosjekt IDRETT 2020 skal både sjå på bygging av storhall, utvikling av anleggsporteføljen, og på driftsorganisasjonen av idrettsanlegga i Flora kommune.

## **Innhold**

Innhold.....	1
IDRETT 2020 .....	2
1.0    Mål og rammer .....	3
1.0    Bakgrunn .....	3
1.1    Prosjektmål.....	5
2.    Økonomi.....	6
2.1    Kostnadskalkyle og finansieringsplan – Storhallen i vest .....	6
2.2    Totalt budsjett for IDRETT 2020, investeringar 2016-2020	7
3.    Organisering.....	8
3.1    Prosjektorganisering.....	8
3.2    Prosjektleiing i forprosjekt Storhallen i vest.....	9
3.3    Andre roller .....	9
4.    Gjennomføring og framdrift.....	10
4.1    Framdrift forprosjekt – Storhallen i vest .....	10
4.2    Framdrift hovedprosjekt .....	11
5.    Risiko og kvalitetssikring .....	12
5.1    Kritiske suksessfaktorar .....	12
5.2    Kvalitetssikring .....	12
6.    Gjennomføring - Hovudaktivitetar "IDRETT 2020" .....	13

## IDRETT 2020

Illustrasjon av rammene og forholdet  
mellan delane i prosjektet.

### Obos-liga

lyd, lys, TV-tårn, drenering,  
HC-fasilitetar hovedtribune

### Framtidig utvikling sentralidrettsanlegg

kiosk/lyd/tribune på kunstgrasbane  
rehabilitering/undervarme grasbane, romprogram Florahallen/tribune –  
permanente løysingar for TV og HC

Mellomromma mellom anlegga, skateparken og skytebanen

Idrettsanlegga i Flora, utvikling av anlegg og  
driftsorganisasjon  
Storhall, fleirbrukshall ved barneskulen, Havhesten,  
rehabilitering Florahallen, Florø Idrettssenter

## **1.0 Mål og rammer**

### **1.0 Bakgrunn**

*Den frivillige arbeidsinnsatsen i dei frivillige organisasjonane i Norge tilsvarer 147 800 årsverk.*

*61 % av befolkninga over 16 år, bidrar med frivillig arbeid kvart år.*

*Verdiskapninga i frivillig sektor (inkludert verdien av det frivillige arbeidet) var på 125,5 milliarder kroner i 2014*

### **Frivillighet Norge**

Idrettsråsla er av dei største frivillige organisasjonane i Norge, og i Flora kommune er nærmere 3800 medlemmer i eit idrettslag. Størstedelen av dei aktive medlemene er mellom 6 og 19 år. Vi veit at å drive idrett frå barndommen av, er ein viktig faktor for å vere aktiv i vaksen alder. I tillegg veit vi at over 75% av befolkninga har turgåing som sin hovudaktivitet for fysisk aktivitet. Det er med andre ord eit svært godt folkehelsestiltak å satse på tilrettelegging for den organiserte idretten i tilknytning til turstinet og friområde.

Flora kommune har dei seinaste åra rehabilert stinetet i Brandsøyåsen, vi har merka turløyer frå Rådhuset og ut til flotte turmål som Sørstrand, Brandsøyåsen og Storåsen. Begge desse prosjekta er gjort med stor innsats frå Flora Turlag og frivillig dugnadsinnsats. Vidare er det vedtak i sentrumsplanen på å utvide turstien rundt Litjevatnet. Florø er blitt sykkelby. Og i september 2017 åpnar vi Florø skatepark, 800 m<sup>2</sup> betongpark delvis takoverbygd midt i skulegården til Flora ungdomsskule. I Eikefjord har kommunen bygd ny fleirbrukshall vegg i vegg med den nye skulen.


I 2016 nådde Florø fotball målet om opprykk til OBO-S-ligaen. Det store allmenne engasjementet fotballen sin suksess skaper i dag, viser kor viktig det er å legge til rette både for ei topsatsing og ei breddede satsing. Vi trur på at Florø Fotball vil halde plassen sin i nest øvste divisjon neste år, og kanskje fleire år framover. Dette krev mykje arbeid av dei frivillige. Det krev også at det offentlege legg til rette for at fotballen kan utvikle seg vidare. Per i dag disponerer Florø fotball ein fullskala kunstgrasbane (68X105m) i Florø, i tillegg kjem innandørsareal på Florø Idrettsenter på 40X60 m, til trening. Florø stadion med si grasbane har avgrensa bruksfrekvens og vert brukt til kampavvikling i OBOS-ligaen og enkelte A-lag treningsar.

Det er stadfestat at Florø barneskole har for lite areal for gjennomføring av fysisk aktivitet og kroppsøving i skuletida. Og med eit vaksande miljø for eit breitt spekter av innandørsidrettar som handball, volleyball, kampsport og turn, klarte vi i 2016 berre å tildele rundt 60% av omsøkte treningsstider.

Flora kommune har som mål at vi skal ha eit mangfaldig kultur, idretts- og friluftsliv. Vi skal legge til rette for oppleveling, oppleiring og deltaking for alle, og vi anerkjenner at samarbeid med frivillig sektor er naudsynt for å nå målet om mangfald og inkluderings. Dette er vedtekje gjennom kommuneplanen sin samfunnssdel og er førande for korleis vi skal planlegge og arbeide med tenesteutvikling, og mellom anna skal styre utviklinga av dei kommunale kultur- og idrettsanlegga.

IDRETT 2020 er namnet på prosjektet, der målet er å sikre tilstrekkeleg kapasitet både for innandørsidrettane som er i vekst, og for fotballen som treng meir treningsflate. Vi skal sjå på dette i samanheng med utvikling av sentrum, kultur- og næringsutvikling. Og vi skal sjå det i samanheng med utvikling av heile anleggssporteføljen, inkludert turstiar/turvegar, nærmiljøanlegg og så vidare.

*Vi skal fylle hjarte av Florølandet med aktivitet, idrett og friluftsliv.*



## 1.1 Prosjektmål

Prosjektet sitt formål er å sikre god styring av utviklinga av anleggsporteføljen for å ha tilstrekkelig kapasitet for utøving av fysisk aktivitet og idrett i framtida, gjennom utvikling av *fleksible, innovative og effektive løysinger i samanhengen mellom anleggsporteføljen og driftsstruktur.*

### Mål for forprosjekt - Storhallen i vest :

- 1) Sikre finansiering til å kunne starte bygging av innadørs fotballhall i full storlek  
Finansieringsbehov, kalkulert i forprosjektet
- 2) Avklare forhold kring eigarskapen til Florø idrettssenter.

### Mål og delmål i hovedprosjektet

1. Lage ein utviklingsplan for dei store anlegga i anleggsporteføljen. Denne planen skal sjå på samanhengar både i innhald og form. Korleis anlegga er plassert i forhold til kvarandre, og kva aktivitet dei stettar.
  - a) Gjennomføre ein behovs- og funksjonsanalyse som inkluderer alle dei store anlegga.
  - b) Lage ein utviklingsplan for Florø sentralidrettsanlegg – iverksette denne i evt byggetrinn.
    - i. Florø stadion (permanente tv-tårn, -tribune, -toalett, -speakerbu og klubbfasiliteter)
    - ii. Mellomromma mellom anlegga på sentralidrettsanlegget, og samanhengane mellom desse og turstinet rundt vatna og i åsane.
  - c) Bygge innadørs fotballhall i full storlek
  - d) Bygge innadørs areal for kroppsøving og fysisk aktivitet for Florø barneskole
  - e) Lage plan for utvikling av ledig kapasitet på Florø idrettssenter
  - f) Rehabiliter Florahallen
2. Vurdere og implementere ny driftsform/ organisasjonsstruktur av dei store fleirbruksanlegga i kommunen (Havhesten, Florahallen, sentralidrettsanlegget, Eikfjord stadion, fleirbrukshall i Eikfjord, samt dei nye anlegga ) og vurdere dette i samanheng med nærmiljøanlegg og leikeplassar og grøntstruktur.
  - a. Utgreie dei økonomiske konsekvensane, knytt til drift.

## 2. Økonomi

### 2.1 Kostnadskalkyle og finansieringsplan – Storhallen i vest

Storhallen i vest er kalkulert til 123,9 MNOK inkludert mva. Prosjektet gjev rett til mva-refusjon på 22,3 MNOK og spelemidlar med til saman 13,0 MNOK.

Idretten skal skaffe 20 MNOK frå eksterne sponsorar.

Flora kommune vil budsjettene sin andel på 32,5 MNOK i investeringsbudsjettet for åra 2018-2020.

Det vert arbeidd med ein avtale med Vågsøy kommune om interkommunalt samarbeid om bygging av fullskala fotballhall i Florø, Storhallen i vest. For å dekke dei resterande midlane 6,2 MNOK. Storhallen vil med avtale gje rett til eit tilleggstilskot på 30 % ekstra på dei ordinære spelemidlane, (10X30%=3,0 MNOK).

Ein søker Sogn og Fjordane Fylkeskommune om tilskot på 30 MNOK.

#### Kostnadskalkyle – Storhallen

	inkl.mva	ex.mva	Spelemidlar
Sanering skytebane	8 750 000	7 000 000	
Grunnarbeid, vei og betong	35 875 000	28 700 000	
Hall inkl garderober og lager	46 125 000	36 900 000	9 000 000
Ekstra lager, sosial-/møterom	4 000 000	3 200 000	1 000 000
Elektro/lys/ventillasjon	10 000 000	8 000 000	
Kunstgras og utstyr	3 000 000	2 400 000	
Spelemiddelandel Vågsøy, 30%			3 000 000
Administrasjon 5%	5 387 500	5 387 500	
Uføresett 10%	10 775 000	8 620 000	
<b>Sum kostnader/finansieringsbehov</b>	<b>123 912 500</b>	<b>100 207 500</b>	<b>13 000 000</b>

## Finansieringsplan - Storhallen

Mva refusjon	22 304 250	Refusjon mva
Spelemedlar	13 000 000	Spelemedlar
Idretten/private	20 000 000	Gåver/Tilskot
Sogn og fj.fylkeskommune	30 000 000	Gåver/Tilskot
Flora Kommune, andel 26%	32 412 625	Låneopptak
Vågsøy Kommune andel 5%	6 195 625	Tilskot
<b>Finansiering behov ntno</b>	<b>123 912 500</b>	

## 2.2 Totalt budsjett for IDRETT 2020, investeringar 2016-2020

Desse tala skal lesast som anslag på kommunens forventa netto investering, knytt til anlegg på Florølandet. Det er ikkje gjort budsjettvedtak på alle tiltaka som er nemnt nedanfor.


<b>budsjett, tal i heile tusen</b>		
Rehabilitering og utviding av løpebaner, Florø stadion - avslutta 2016	10 140	
Florø Skatepark, betongpark med delvis takoverbygg - avslutta 2017	6 000	
oppgradering og rehabilitering Florø stadion i samband med OBOs, inkl. lys og lyd	19 950	
Storhallen i vest	123 900	
Tursti Lillevatn	2 000	
Utvikling sentralidrettsanlegget	2 500	
Rehabilitering Florahallen	13 700	
Fleirbruksahall Florø barneskole	50 000	
Utvikling Florø idrettssenter	10 000	
Rehabilitering og utvikling Havhesten	42 930	
<b>totalt</b>	<b>281 120</b>	

finansiering, tali i heile tusen	
momskompensasjon	50 602
spelermidlar	35 700
låneoppptak og andre tilskot	194 818
<b>totalt</b>	<b>281 120</b>

### 3. Organisering

#### 3.1 Prosjektorganisering

Forprosjektet har eigen prosjektleiar. Delar av hovudprosjektet vil ha eigne prosjektleiarar i ulike fasar, men dei skal sjåast i samanheng. Som hovudregel vil hovudprosjektet og delprosjekta organiserast som vist nedanfor.



### **3.2 Prosjektleiing i forprosjekt Storhallen i vest**

**Prosjektleiar :** Rune Bortne

**Prosjektgruppe forprosjekt:**

Stein Strømsnes, Styreleiar Flora Idrettsråd  
Tore Havn, Styreleiar Florø Sportsklubb og Florø Idrettssenter  
Robert Endestad, Styreleiar NIFF Sogn og Fjordane  
Trine Hovland, Politisk vald, Levekårsutvalet i Flora Kommune  
Margit Drivenes Kløvfjell, Kultur- og idrettskonsulent, Flora Kommune  
Rolf Bjarne Sund, Plansjef, Flora Kommune  
Rune Bortne, Prosjektleiar idrett, Flora Kommune

### **3.3 Andre roller**

**Arbeidsgrupper :**

Florø Fotball, FTIF, banemester, driftsleiar

**Referansegrupper :** Politikk, Idrettsrådet, administrasjon

**Styringsgruppe:** ikke oppnend i forprosjektet



## 4.2 Framdrift hovedprosjekt

DELMÅL		2018				2019				2020				
		4.kv	1.kv	2.kv	3.kv	4.kv	1.kv	2.kv	3.kv	4.kv	1.kv	2.kv	3.kv	4.kv
<b>Før prosjekt</b>		Forprosjekt BP												
1	Finansiering Storhall Beslutningspunkt/Milepæl													
2	Avklaring eierskap Florø Idrettsenter													
<b>Hovedprosjekt</b>														
1	<b>Utviklingsplan</b>													
a	BEHOV OG FUNKSJON	Intern dialog					Ekstern dialog							
b	Storhallen i Vest	Forprosjekt					BP/BH 2019							
c	Ledig kapasitet i Florø Idrettsenter-lage plan	Detaliplanlegging anlegg/anbudsprosess					Del av behov og funksjon							
d	Utvikling-sentralidrettsanlegg	BH 2018					Planlegging/dialog	BH 2019						
-	Florø stadion						Planlegging/dialog	BH 2020						
e	Mellomromma						Planlegging/dialog	BH 2021						
f	Rehabilitering Florahallen													
g	Kroppsøving Flora Barneskole													
	Eikfjord - kunstragravbane/stadion													
<b>2</b>	<b>Drift og organisering</b>													
a	- økonomiske konsekvenser													

BP= beslutningspunkt

## **5. Risiko og kvalitetssikring**

### **5.1 Kritiske suksessfaktorar**


- Sikre finansiering av delprosjekt Storhall
- Avklare framtidig eigarskap av Florø idrettssenter.
- Sikre eit samarbeid på tværs av prosesser internt i den kommunale organisasjonen.
- Få til eit samarbeid med idrettslag/fotballen
- Halde fristar, samtidig som ein ser det store biletet – både i behov, geografi og tid.
- Skape kultur for felles organisering på tværs av etablerte skiljenjer (frivillig - kommune, innad i kommunen, mellom ulike driftseininger)

### **5.2 Kvalitetssikring**

- Arbeide breitt i prosjektgruppa med avklaringar knytt til potensielle finansieringskjelder.
- Interessentanalyse – lage plan for interessenthandtering og revisere denne jammleg.
- Starte intern dialog med aktuelle tjenester, prosjekt osv. Etablere dialogforum og forståing for felles framtidig mål i 2020.
- Etablere ekstern dialog med aktuelle organisasjoner, interessentar osv. Etablere dialogforum og forståing for felles framtidig mål i 2020.
- Sikre brei deltaking.
- Planlegge og re-planlegge når viktige beslutningar er avklart.

## 6. Gjennomføring - Hovedaktivitetar "IDRETT 2020"

Framdrift / Milepælar	2016	2017	2018	2019	2020
<b>Oppgåve</b>					
Tilstandsrapport grasbane	x				
Bunnetering /div prøver skytebanen (Sentrumspan)	x				
Prosjektleiar - tilsetjing	x	x			
Samarbeid / arbeidsgrupper Fotball – Idrettsrådet/FTIF	x				
Handlingsprogram Florø Fotball – Florø stadion	x				
Skrive kontrakt Florø Fotball	x				
Kravspek lys og lyd stadion	x				
Lyd - stadion	x				
Asfaltering OB bil og bak garasje		x			
TV plattform med kommentatorplassar ( midlertidig)	x				
UU utforma toalett ( evt midlertidig)	x				
Rehabilitering grasbane	x				
Innkjøp sylinderklippar	x				
Flomlys	x				
Overflatebehandling tribune	x				
Utskifting stolar	x	x	x	x	x
Stor-storhall (plassering, kostnad, enkel plan for utforming)	x	x	x	x	x
Planlegging driftsorganisasjon	x	x	x	x	x
Etablering ny driftsorganisasjon				x	
Områdeplan med mellomrom, tribuneløsing, tv-tårn – vidareutvikling av utviklingsplan frå Asplan viak	x				
Detaljplan - tribune, undervarme anna	x				
Detaljplan kiosk/tribune/lyd kunstgras	x				



# Anleggsportefølje

---

Oversikt over anlegg for idrett og fysisk aktivitet i Flora kommune

**Haust 2017**

## Anlegg

Flora kommune har per dags dato 149 eksisterande anlegg og 50 planlagde anleggseiningar;

- 149 eksisterande anleggseiningar
  - 39 nærmiljøanlegg
  - 96 ordinære anlegg
- 50 planlagde anleggseiningar
  - 26 nærmiljøanlegg
  - 24 ordinære anlegg

Tala er henta frå anleggsregisteret. På eit anlegg kan det vere fleire einingar, td kan lys på ei kunstgrasbane vere registrert som ei eiga eining i tillegg til sjølve banen. På eit klubbhus, er det gjerne tre einingar; garderobe, lager og møterom.

I Flora er mange anleggseiningar samla på større anleggstader. Td. ligg det nye felles skyteanlegget inne med åtte einingar på Grovastøylen og i tillegg ligg motorsportsanlegget like ved sidan av med fleire bygde- og planlagde einingar. Mange anlegg er knytt til skular. Den største anleggsstaden er Florø sentralidrettsanlegg, i nærleiken til Flora Ungdomsskule. Anlegget ha to kunstgrasbaner, basketbane, fleirbrukshall, Florø stadion og skatepark. I området rundt sentralidrettsanlegget ligg eit stort turstinett, der ein mellom anna kan gå i grøntområde frå Havreneståa til Brandsøyåsen.

Florø skatepark stod ferdig september 2017.



Frå opninga av skatepark en 21.sept, foto Tarjei Langeland/Firdaposten.

## Nærmiljøanlegg

Med nærmiljøanlegg meiner ein utandørsanlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg i tilknytning til bu og/eller aktivitetsområde.

Eksiserande:

- 15 friluftsliv
- 4 kart
- 45 aktivitetsanlegg
  - o 18 ballbinger eller ballbaner
  - o Tarzanjungel, turnbasseng, klatrepark x 2, sandvolleyballbaner, sandhandballbane og petaquebane.

Aktivitesanlegga er i stor grad knytt opp mot skular. Vidare er det nærturområda prioritert, slik som Brandsøyåsen og Sørstrand folkepark. Turstinetten er merka frå Rådhuset og utover til mellom anna desse destinasjonane.



Klatreparken ved Florø Barneskole, foto Sunniva Knutsen/Firdaposten

## Ordinære anlegg

*Ordinære anlegg vil seie anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet og eigenorganisert fysisk aktivitet.*

Eksisterande og planlagde:

- 21 friluftsliv
- 17 kart
- 12 idrettshus (klubbhus, lager, garderobe)
- 46 andre anlegg.

Av andre anlegg har vi mellom anna:

- 3 fleir brukshallar (to på Florølandet, ein i Eikefjord)
- Innandørs fotballbane, klatrevegg og løpebane
- Stadion med 8 løpebaner, hoppegrøper og kastbur med internasjonal standard.
- Grasbane
- Tennisbane
- 2 fullverdige kunstgrasbaner
- To små kunstgrasbaner og to små grusbaner
- Stort felles skyteanlegg + flere små
- Seglsportssenter
- Motorsportssenter
- Hestesportssenter
- Sømjeanlegg
- Lysløype for ski



Bilde frå skianlegget på Humlestøl